

RADØY KOMMUNE  
RADØYVEGEN 1690  
5936 MANGER



Kartverket

Dykkar ref.:

Vår ref.: H.FOSSEN  
Sak/dok.: 7646027/

Dato:  
17.02.2014

## Dokumenta har manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 44 bnr. 8, 14, 17, 77 og 78 i 1260 Radøy kommune

Vi har vurdert melding til tinglysing - opprett ny grunneigedom, erklæring om rett i fast eigedom og erklæring om rettar og pliktar de har sendt inn for tinglysing. Dokumenta har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

### Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

#### Erklæringa om rett i fast eigedom

1) Dokumentet er uklart for oss, vi er derfor usikre på korleis vi skal registrere det i grunnboka. Retten går ut på at gnr. 44 bnr. 17 skal ha tilkomst- og parkeringsplass. Etter det vi kan sjå må tilkomsten gå over gnr. 44 bnr. 14, 77, 8 og 78, visst dette er riktig må det kome klart fram i erklæringa kven eigedom retten skal hefte på og kven eigedom som får retten med gnr. og bnr. Jf. tinglysingslova § 8 og tinglysingsforskriften § 4. Det er ikkje tidligere tinglyst tilkomst og parkeringsrett spesielt for bnr. 17.

#### Erklæring om rettar og pliktar for gnr. 44 bnr. 77 og gnr. 44 bnr. 78 som frådelt eigedomer frå gnr. 44 bnr. 8 i Radøy kommune

2) Dette dokumentet blir også uklart for oss, vi er derfor usikre på korleis vi skal registrere det i grunnboka. Det må kome klart fram med gnr. og bnr. kva for eigedom retten skal hefte på og kva slags rett de ynskjer tinglyst.

#### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

#### Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

■ [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

Statens kartverk Tinglysing, Tinglysing – fast eigedom  
Besøksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss, Postadresse: 3507 Hønefoss  
Telefon: 08700 Telefax: 32 11 88 01  
E-post: [tinglysing@kartverket.no](mailto:tinglysing@kartverket.no) Organisasjonsnummer: 971 040 238

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no). Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 81 09.

Med helsing  
Statens kartverk Tinglysing



Heidi Fossen  
saksbehandlar